

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/422 - 23/76872

Saksbehandlar:
Josep Gayrbekov
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:
04.10.2023

Søknad om redusert gebyr vert avslått - gbnr 322/281 Mjåtveit

Administrativt vedtak. Saknr: 1028/23
Tiltakshavar: Mjåtveit Næringspark As
Ansvarleg søker: Lagerseksjoner As
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak [med ansvarsrett]

VEDTAK:

Søknad om redusert gebyr vert avslått jf. pkt. om generelle regler i Alver kommune si gebyr og betalingssatsar 2023.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

SAKSUTGREIING

Det ble søkt og innvilga løyve til oppføring av tre lagerbygg på totalt 4.865m² BYA. Faktisk plan (4.865m²) og tenkt plan (4.865m²) utgjer til saman 9.730m² BRA. Tek ein med tenkt plan ved utrekninga av gebyret øker gebyret frå kr 133.360 til kr 293.905.

Søknadspliktige tiltak		Gebyr		
Kode	Skildring	Tal	Sats	Sum
12-06	Basisgebyr næringsbygg inntil 1 000 m ²	3	23.938	71.815
12-07	Arealtillegg over 1 000 m ²	1 865	33	61.545
12-07	Arealtillegg over 1 000 m ² (tenkt plan)	4865	33	160.545
Totalt gebyr å betale:				293.905

Det vert søkt om redusert gebyr da klagar meiner at gebyret blir urimeleg høgt dersom ein legg til tenkt plan. Klagar argumenterer med at gebyrregulativ gjev eit uheldig utslag på gebyrets storleik når bygningane kjem over ein viss høgde. Og at det var ein enkel søknad utan dispensasjonar.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Vurdering

Det går fram av pkt. om generelle regler i gebyrregulativet at det skal føreligge «særlege grunnar» for at eit gebyr skal reduserast. Kommunens vurdering er at det ikkje føreligg slike grunnar i dette tilfellet. Det er ingenting med søknadens art eller tiltakets omfang som tilsier at det skal gjerast unntak frå hovudregelen om at det skal krevjast arealtillegg. Punktet om arealtillegg i gebyrregulativet (pkt. 12-07) differensierer ikkje mellom faktisk eller tenkt plan. Det er som regel næring i større skala som vil føre til gebrysatsar på dette nivået. Tiltak på 4.865m² BYA og 9.730m² BRA kan ikkje seiast å vere lite. At slike prosjekter gjenspeilar seg i gebyrane er ikkje upårekneleg i denne bransjen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klagerett

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) § 2 3.ledd. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/422

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Josep Gayrbekov
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.